



Den siste tilvoksteren til Einar Gjertsen si bilsamling, Morris Minor 1000

Bilentusiasten, Einar Gjertsen, har henta heim eit klenodie av ein bil som vi alle kjenner frå TV serien 'Hjartet på rette staden'. Det er ein Morris Minor 1000, 1957 modell. Den siste som hadde slik bil i Uskedalen, var Olav K. Haugland. Han hadde også ei varevogn.

Bilen er produsert i England i perioden 1948 - 1972, men også i Australia. Mannen bak den velkjende bilen er ing. Alec Isigonis, også kjend for Mini Morrisen/Austein. Det er produsert 1,6 millionar eks. i ulike variantar.

Einar Gjertsen har henta bilen i Narvik der han vart importert frå England i 2007. Bilen har norske skilt. Rattet er på høgre sida. Det er skinnsete og teppelagde golv. Dette er truleg den einaste bilen i sitt slag i Kvinnherad.

Einar fortel til uskedalen.no at bakgrunnen for kjøpet er at den fyrste bilen han hadde, var ein Morris Minor. Det er lett å få tak i deler og delene er helst rimelege.

Så er spørsmålet om Einar tek turen over Nordsjøen med bilen og tilbake i sitt rette miljø i område der TV serien er spelt inn, Aidsendiel. Einar er rette mannen til det, plassert i førartsetet på høgre sida. Men kven skal sitja framme på venstre sida, spør vi.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal
Takk til Einar Gjertsen for god informasjon